



Bokmeldingar

Tom Schmidt: *Stadnamn i Øystre Slidre – slik dei har vore brukte i bygdemålet*. Oslo: Novus, 2024. 290 sider.

I 2005 gav Tom Schmidt ut *Nøvn austa åsen. Bustadnamn i Øystre Slidre*, og Jarle Bondevik runda av bokmeldinga si i *Namn og nemne* (2005: 132) med ei oppmoding til forfattaren: «Tenk om Schmidt kunne få helse og levedagar, og ikkje minst lyst til å skriva om heile namneskatten i denne bygda: teignamn i innmarka, utmarksnamn, namn frå stølsmarka og dei svære fjellviddene som høyrer Øystre Slidre til». Ynsket gjekk i oppfylgning i fjor haust med *Stadnamn i Øystre Slidre – slik dei har vore brukte i bygdemålet*.

Undertittelen ymtar om at føremålet med boka er å dokumentera og drøfta nedervd uttale og tyding av so mange tradisjonelle stadnamnformer som råd, slik at dei ikkje går i gløymeboka. Boka kan soleis seiast å vera tufta på meir tradisjonelle dialektologiske prinsipp enn *Nøvn austa åsen*, der forfattar konsentrerte seg om gardsnamn på klassisk namnefagleg vis. Hovudbolken i boka (s. 15–279) er sett saman av namneartiklar i alfabetisk rekkjefylgje, eit lurt val når smånamn utgjer mesteparten av tilfanget (særskilt teignamn og ymse naturnamn med ein snever brukarkrins). Desse lét seg vanskeleg klassifisera på eintydig vis, og ei gruppering etter gards- og bruksnummer vert for tungvint når det gjeld namn i utmarka. Stølsnamn utgjer òg ein stor del av tilfanget til boka (rundt 100 former), og elles er alle dei gamle gardsnamna drøfta i *Nøvn austa åsen* tekne med, men med noko stuttare artiklar enn i 2005. *Stadnamn i Øystre Slidre* er altså ikkje tenkt som eit reint framhald av 2005-boka, men som eit sjølvstendig leksikon over heile stadnamntilfanget frå Øystre Slidre.

Boka inneheld ingen kart eller liknande visuelle hjelpemiddel, noko som gjev eit inntrykk av at ho i utgangspunktet er tenkt til lokalkjende lesarar, men elles er strukturen i henne mykje lik oppsettet av *Nøvn austa*

åsen. Fremst i boka kjem ei stutt innleiing om hovudkjeldene for namnetilfanget, lydskrift og grafisk attgjeving av lokaluttalen, normering av oppslagsformene, sentrale topografiske ord (grunnord), matrikkelgardar i kommunen og heimelsfolk. Attarst i boka finn ein ei liste over avstytingar, ei samla kjelde- og litteraturliste og ei stutt rettleiing om einskildteikna i lydskrifta nytta i boka. Denne siste er den same, lett modifiserte versjonen av Norvegia nytta i *Nøvn austa åsen*, og elles er det fint at teiknet for den ustemde alveolare lateralen *ɭ* er med i oversynet (det mangla i 2005, sjølv om det vart nytta i boka).

Det uttrykte dialektologiske omsynet med boka speglar seg vidare i normeringsvala hjå forfattaren. I *Nøvn austa åsen* fylgde han nynorsk-normalen når det galdt busettnadsnamn med tydelege appellativiske mot-svar, til dømes bundne fleirtalsformer som *Dalane* ^ɫda:ɾadn/ eller svake hankjønnsord i bunden eintalsform som *Bakken* ^ɫbakin/ og *Hagen* ^ɫha:gin/. Eldre gardsnamn vart derimot normerte kvar for seg, til dømes *Løkje* ^ɫlø:çe/ (< gno. **Løykin*, sms. *leikr* m. + *vin* f.; SSR: *Løken*) og *Heggi* ^ɫhejʝi/ (< gno. **Heggir* flt.; SSR: *Hegge*). I *Stadnamn i Øystre Slidre* ligg skrivemåten av namna mykje tettare inntil lokaluttalen, til dømes er differensiert uttale av etymologisk /rn/ støtt gjeven att (*Daladn* og liknande), svake hankjønnsord får endinga *-in* i bunden eintalsform (*Bakkin* og *Hagin*) og palataliserte velarar er markerte med *-j* (*Løkje* og *Heggji*). Dessutan er <é> nytta for å gje att Norvegia *é* (IPA [e]) og skilja fremre uttale i bunden eintalsform av sterke hokjønnsord som *lié* og *bygdé* (utt. ^ɫli:e/, ^ɫbygdé/) frå schwauttale [ə] i endestaving i svake substantiv («slapp *e*-lyd» hjå forfattaren, Norvegia *ə*). Sjå til dømes normaliseringa *Beitebygdé* med uttalenotasjonen [*ˈbaitəbygdé*] (s. 18, lokalt namn på gardsgrenda *Beito*). Elles er Schmidt sine grafiske val stort sett dei same som i 2005, til dømes <ø> for [œ] < gno. *o*, *ø* (*føss*, *vøll* < gno. *fors*/*foss* m., *vøllr* m.).

Ei sopass lydrett normering vil fyrst og fremst framheva nedervd lokaluttale og talemålsbaserte skrivemåtar hjå heimelsfolka til forfattaren, men ho tener ogso det føremålet å synleggjera morfofonologiske trekk ved lokalmålet for lesarar som kanskje ikkje er vane med lydskrift. Til dømes at velarar er palataliserte føre trykklett /i/ i bøyingsendingar (som ved dei nominale fleirtalsendingane *-i* og *-idn*), men held seg ofte ubrigda føre trykklett /i/ i stamma (som i svake hankjønnsord, sjå Beito 1958: 249, 251). Likevel finn ein ogso mange former med etymologisk normering,

til dømes samansette gardsnamn av *stad-* og *rud-*typen. Dette tyder at gjennom heile boka møter lesaren ein nokso ymsen normeringspraksis som spenner frå ortofoni til etymologi – ei uvan løysing ved fyrste blikk, men som gjev meining når målgruppa for boka er øystreslidringar. I kvar-dagen er det nemleg ikkje uvanleg at eldre gardsnamn med lite gjennom-synleg tydingsinnhald vert nytta i ei meir etymologisk form (ofte etter matrikkelen), medan semantisk gjennomsynlege stadnamn utan skriftleg tradisjon fylgjer det motsvarande appellativet i lokalmålet.

Medan sjølve namneformene er mest interessante frå eit dialektologisk synspunkt, kan innhaldet i namneartiklane lesast ut frå eit lokalhistorisk perspektiv eller eit språkhistorisk eit. Øystreslidringen og valdrisen generelt vil ha mykje glede av dei mange utgreiingane om lokalhistoriske tilhøve som er med i boka. Dette gjeld særskilt opplysingar om einskild-personar som kan ha gjeve namn til stader som *Eivindsstølsberget* (s. 53), *Gunnarslettmyré* (s. 77), *Sygnisstølen* (s. 234), *Velumskardet* (s. 257) med fleire. Slike detaljerte framstillingar er i tråd med stilen i *Nøvn austa åsen* til skilnad frå andre namnefaglege verk av Schmidt (til dømes redaksjonen av *Bustadnavn i Østfold*). Dei viser at forfattaren kjenner godt til publikummet sitt, sidan slektsgransking og bygdehistorie er svært populære emne blant folk flest.

Les ein boka med eit meir språkhistorisk eller namnefagleg blikk, finn ein fort ut at dei mest interessante artiklane stort sett handlar om gardsnamn og er henta direkte frå *Nøvn austa åsen*. Dette er kan henda den einaste veikskapen ved boka, men det skuldast nok materialtypen: Smånamn er ofte yngre og nokso sjølvinnlysande former. Likevel handsamar forfattar alle namneformene like grundig og avdekkjer fleire forvitnelege fenomen blant smånamn òg. Det gjeld til dømes utolka skriftformer som *Huata mellinng* eller *Kuidia mellia* (s. 121) og *sua øya* eller *Sua øda* (s. 276) frå 1300- og 1400-talet. Det fyrste er truleg eit eldre namn på fjellet Rabalsmelling samansett med gno. *hvati* m. ‘skunding’, *hvatr* adj. ‘snar, snøgg’ eller *hviða* f. ‘vindrøse’; det andre er kanskje ein adverbfrase med gno. *svá* ‘so(leis); like eins’. Eller *Lagaråsen* (s. 126), ei høgð langs elva Ygna, som kanskje går attende til genitivforma *lagar* av gno. *lōgr* m. ‘vatn; sjø; elv’. Ein personleg favoritt er elvenamnet *Urek(åne)* ved Vinstre (s. 235), som er sett i samband med *urækje* f. og *urøke* f. ‘rå, u-sømeleg eller ugrei person’ < gno. *órókja* f. Ei artig tilleggsopplysing kunne her vore at dette leksemet i si tid vart nytta som både tilnamn og

fullverdig mannsnamn med belegg i austnordiske runeinnskrifter frå rundt år 1000: gamalsvensk *𐀪𐀫𐀬𐀭* **urykia** / **urukia** nom. og gamaldansk *𐀪𐀫𐀬𐀭* **uruku** akk. (Samnordisk runtextdatabas 2020: DR 83; Ög 22; Ög 229).

Generelt er drøftinga av namna upåklageleg, men eg tykkjer at den sterkaste sida ved boka faktisk er Schmidt sin måte å handsama og framstillta kjeldestoffet på. For det fyrste bidreg boka til å gjera innhaldet i sentrale, men nokso tekniske namnefaglege verk tilgjengeleg for eit større publikum, til dømes *Norske Elvenavne* av Oluf og Karl Rygh (1904) og *Norske innsjønamn 1. Upplands fylke* av Gustav Indrebø (1924). For det andre er boka eit grunnsolid handverk innanfor kjeldekritikk, særskilt når det gjeld samspelet mellom eldre kjelder og opplysingar frå eigne heimelsfolk. I kvar namneartikkel møter lesaren tidlegare hypotesar formidla gjennom ei balansert samanstilling av uttaleopplysingar, eldre skriftformer, utdrag frå tidlegare fagverk og informantsitat; forfattaren kommenterer fortlaupande, og berre til slutt legg han fram nokre varsame tankar om kva tolking som kan vera rimelegast. Ein slik framgangsmåte bør ikkje berre gjelda for vitskaplege publikasjonar, men for sokalla heimstadforsking òg – bygdesoge, slektsgransking og liknande – som den dag i dag er ein viktig del av kulturlivet i distrikta. *Stadnamn i Øystre Slidre* vil soleis kunna vera til inspirasjon for mang ein sogelagsmedlem både i Valdres og annanstad.

Litteratur

- Beito, Olav T. 1958. Valdresmålet. I *Valdres Bygdebok 2. Natur, oldtid, målføre, gardsnamn og folk*, 233–298. Leira: Valdres bygdeboksnemnd.
- Bondevik, Jarle. 2005. [Melding av] Tom Schmidt: *Nøvn austa åsen. Namn og nemne* 22: 129–132.
- Samnordisk runtextdatabas. 2020. Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet. <http://www.nordiska.uu.se/forskn/samnord.htm>

Samuele Mascetti